

Offertoriet



Fra Ghent-alteret

Apostelen gir oss kristendom i ein sum på denne måten: «*Kristus elska oss og gav seg sjølv for oss som ei gåve og eit offer, Gud til ein hugnadleg ange.*» (Ef 5,2). Frå dette Kristi offer går det ei direkte linje til den formaninga vi får: «*... at de må bera fram lekamen dykkar til eit levande og heilag offer som er til hugnad for Gud.*» (Rom 12,1)

Det nye testamentet startar omlag som det gamle sluttar: Profeten Malaki skildrar korleis folka frå soloppgong til solnedgong brenn røykjelse og ber fram reine offer for Herren. (Mal 1,11).



Og Jesu slektning Sakarja gjer si teneste i templet med å bere fram offer i Herrens tempel og brenne røykjelse på altaret (Luk 1,9-10). Her kom engelen Gabriel til han.

Når røykjelseskorna brenn, fyller dei romet med vellukt som eit ytre teikn på det indre mysteriet: Menneske tilbed Herren Gud. Sann bøn er røykjelse for Herren: «*Lat mi bøn gjelda som røykjelse for deg, mine opplyfte hender som offer om kvelden!*» (Ps 141,2) Og å brenne røykjelse for avgudar er sjølvve biletet på utruskap: Jer 1,16. I Openberringsboka

skildrar apostelen Johannes gullskålene av røykjelse som er bønene åt dei heilage (Opb 5,8; 8,3-4).



Sameleis seier apostelen at vi er Kristi gode ange for Gud, når han skildrar korleis dei heilage ved si teneste for Gud spreier kunnskapen om Kristus som røykjelsesduft mellom menneska, « ...ein ange av liv til liv» (2 Kor 2,15f.)

Difor brenn vi røykjelse i messene våre. Og difor er offer-dimensjonen ved både kristenlivet og messefeiringa så sentral.

Kvinna i farisearen Simons hus (Luk 7,36ff) synte Jesus kjærleik då ho knelte ved hans føter, vætte dei med tårene sine, turka dei med håret sitt, kyste dei og salva dei med dyraste salve. «*Ho syner stor kjærleik,*» seier Jesus, eit teikn på at ho har fått mykje tilgitt.

Sameleis då Jesus vart salva av Maria i Betania (Matt 26,6ff).

Desse menneska viser oss veg inn i liturgien som auser frå den kristne trua sine beste tradisjonar, opnar for oss det himmelske livet og førebur oss på den døden som er porten inn dit. Gjennom tilbeding, hylling, takk og takkoffer vert balansen i livet halden i hevd.



Å gå til messe er viktigaste steget på vår offer-veg. Å bere fram vårt takkoffer i form av pengar vi har lagt til side er symbolsk uttrykk for at vi vil leve vårt liv etter den planen og med det målet Herren har for oss. Å ta imot Kristi offer i den heilage nattverden er det synlege uttrykket for at vi lever vårt liv i Gud.

Difor må ingen korkje undervurdere røykjelsen eller unngå takkofferet. Dei høyrer med til den heilskapen vi kallar den heilage messa.

f Ottar Mikael Myrseth